Førsteblad

1.

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 29 | Fylke: Møre

Tilleggsspørsmålnr. | Herad: Dalsfjord

Emne: Julenissen | Bygdelag: Ulvestad

Oppskr. av: Ragnhild Ulvestad | Gard: Ulvestad

(adresse): Fossveien 5 III Oslo. | G.nr. 160 Br.nr. 2.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle. Eigi røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

Julenissen.

1. Julenisse eller julebukkane, er kjent sidan me var små. Ein gamal mann som var fød kring 1825 fortalde til oss borna, når han stod i vedhuset og hog ved. Det kunne vere nokso tidli på hausten, „No er julebukkane begynde å kome ned i fjella", sa han. Ja han fortalde mykje um nisser og bukker.

Kom me der i tid seinare, sa han „Julebukkane er komne til sæta no". Næste gang me kom der, var dei komne til forhusa. Sist fyrr dei kom til gars budde dei i kvernhuset, for dei måtte male og bake fyrr dei kom heim. Akkurat i jula var dei komne til gars. Me heldt dei for å vere det same som julenisse. Når eg var ei 5 år fekk eg ein stor julebukk med svære horn som hang i juletreet. Det er i den seinare tid, at julenissen skulde dele ut julegaver i heimane og på fester. Truleg er det i den seinare tid forretnings reklame.

6349

2. I den seinare tid er det at julenissen skal dele ut julegaver.
3 Det kan vere so forskjelligt.
4 Maske, kvit skjegg, raud fotsid kagge og raud topplue.
5 Lit lagar ein sjølv og lit vert køypt.
6 Ein bukkar og julenissemaske til julebukk.
7 Julenisse og bukk vert brukt umkvarandre, også som deler ut julegåver.
8 Tuften eller garsvoren. Den bodde på gåren heile tida.
9 Det var ei historie um, at ein måtte henge ei hose yver senga julaften. Kanskje der då kunne vere noko i. Til dømes ei dukke.

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

6349